

Numedalslaget

NUMEDØLEN



MARS 2004

MEDLEMSPENGAR FOR 2004

Vedlagt finn du ein giro som skal brukast til å betale medlemspengane for 2004. Prisane er som i fjor og er for 2004:

Kr 210,- for vaksne over 26 år

Kr. 80,- for born/vaksne 14 – 25 år

Kr. 25,- for born under 14 år.

Kr. 100,- for bi-medlemskap (hovedmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til: NUMEDALSLAGET I OSLO, Nordahl Brungst. 22,
0165 OSLO – kontonummer: 0530 19 32474.

Det er berre dei som er hovedmedlemar i Numedalslaget som vil få medlemskort frå oss via NU. Men dessverre er det slik at NU har store problem med å lage og sende ut medlemskort til oss til riktig tid. Vi vil derfor be dykk setje kryss i kvitteringsruta på giroen når de betaler og bruke kvitteringa som stadfesting på at de har betalt.

Betal helst innan 1. mai 2004.

Beste helsing

Svein

kasserar

NUMEDALSLAGET I OSLO

Årsmelding 01.01. – 31.12.2003

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.
Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.
Tillitsvalde i 2003: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 54 medlemmar, av desse var 7 under 25 år.
Laget har 4 æresmedlemmar: Reidar Fønnebø, Svein Nørstebø, Jøran Stryse og Gunnar Ulbåsen.
Laget har 2 livsvarige medlemskap: Valborg Dyrnes og Andreas Solberg

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 4 styremøter / arbeidsmøter + årsmøte 12.02.
- Rakefiskfest på Røa Samfunnshus 25.01.
- På Lagshytta i Lommedalen var det dugnad i april og hyggetur 22.06.
- Julemøte i Blåsalen (Nordahl Bruunsgt.22) 15.12.
- Lagsavisa "Numedølen" har ikkje kome ut i meldingsåret
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktperson har vore Lars Peder Larsgård
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.

Rakefiskfest 25. januar 2003

Festen vart halden på Røa Samfunnshus

Det var ca. 60 personar til bords, av desse var 44 fullt betalande

Festen vart leia av Jøran Stryse.

Kåseri og song av Åsne Bergset. Tema: "Kva song dei i Middelalderen?"

Musikken sto Traaens kvartett frå Rollag for.

Det blei eit underskot på kr.761,57

Dugnad og hyggetur til Lagshytta

I april var 3 karar på hytta og reparerte verandagolv

Søndag 22.06. var 15 personar med på den årvisse hytteturen, med rømmegraut og spekenmat på menyen.

Julemøte 15. Desember

Julemøtet vart helde saman med juleavslutninga til folkedansgruppa.

Birgit Kollandsrud Friis og Kenneth de Gala underheldt med fløyte- og fele-spel. Kaffe og kling vart servert. Av 15 frammøtte var 11-12 frå folkedansgruppa.

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no

Eller på Numedalsweben under: lag/foreninger på nett (andre) www.numedal.net.

Numedalslaget har ikkje e-post adresse lenger.

11.02.04 R.d.

Referat frå årsmøtet i Numedalslaget i Oslo 11.02.04

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Knut Kjønås, Reidun Kjønås, Leif Kverndal, Ragnhild Landerud, Lars Peder Larsgård, Olav Mogan, Jøran Strysse, Walborg Tuft, Alf Åmot, Svein Aasen.

Opning, konstituering

Svein Aasen var møteleiar og ønskte velkomen. Reidun og Knut Kjønås blei oppnemnde til å skrive under protokollen. Ragnhild Landerud var referent.
Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

Årsmelding

Årsmelding 2003 blei lese opp av Ragnhild Landerud.

Årsmelding for Folkedansgruppa, m/eiga oversikt over økonomien, blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Kommentarar:

Stønad frå Frifondmidler, Oslo Nye Sparebanks Fond og Statsstønad går til Folkedansgruppa. Som vanleg har det vore stor aktivitet i Folkedansgruppa, og dei fekk ros for det.

Begge årsmeldingane blei godkjende.

Rekneskap

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2003, underteikna av kasserar og revisor 2.febr.2004.

Kommentarar:

Rakefiskfesten 2003 er ført opp som utgiftspost i rekneskapen, då det var eit underskot på kr.761,57

For betre å synleggjere omsetjinga, vil ein heretter føre sum utgifter og sum inntekter inn i rekneskapen. For festen i 2003 var utgiftene kr.21376,57 og inntektene kr.20615,-

Deltakarane på årsmøtet blei og einige om at styret må kalle saman til eit arbeidsmøte om korleis Rakefiskfesten kan få større oppslutning.

Hyttestyret har nøklar til Lagshytta, som medlemmar i Numedalslaget kan låne mot eit depositum på kr.100,-. Fem av ti nøklar er lånt ut. Det blei frå hyttestyret si side fremma ønske om å overføre depositumpengane – kr.500,- - til kasseraren, og få dette inn som ein post i rekneskapen. Kasserar og revisor finn løysing på dette.

Rekneskapen for 2003 blei godkjent.

Medlemspengar

Inga endring.

Val

Årsmøtet gikk til val på forslaga frå valkomiteen.

Styremedlemmane Svein Aasen, Sigrid P. Talleraas og Jøran Stryse tok attval.

Det samme gjorde hjelpekasserar Knut Kjønås.

Walborg Tuft gikk ut av hyttestyret, og Alf Åmot kom inn.

Jorunn Lid gikk ut av Folkedansgruppa, og Birgit Kollandsrud Friis kom inn.

Valkomiteen tok attval.

Takk for innsatsen til dei som går ut, og velkomen til dei som kjem inn!

Liste over tillitsvalde 2004 er vedlagt.

Innkomne forslag

Ingen saker var meldt.


Aktiviteter i 2004

Buskerudkappleiken , Konnerud (Drammen)	17.april
Dugnad på Lagshytta (ta kontakt med hyttestyret)	24.april
Bygdøystemnet	13.juni
Tur til Lagshytta	20.juni
Landskappleik, Eidfjord	24. – 27.juni
Årsmøte BLS: utsending er Svein Aasen, vara er Ragnhild Landerud	
Årsmøte NU, Beitostølen	29. – 30.juli
Folkekulturfestival, Beitostølen	30.juli – 1.aug.

16.02.04

Ragnhild Landerud

22.02.04


Reidun Kjønås

NUMEDALSLAGET's

TAP OG VINNINGSKONTO 01.01. - 31.12.2003.

Utgifter:

Porto og administrasjon	"	1.898,00
Rakefiskfesten år 2003	"	761,57
Medlemspengar NU/BLS	"	10.025,00
Numedalshytta	"	1.845,00
BLS - salleige	"	6.515,00
Forsikring fane	"	1.218,00
Lagsmøte og hyttetur	"	689,50
Gaver	"	405,00
Tonoavgift	"	303,00
Numedalsnett	"	620,00
Overskudd	"	42,79

Inntekter:

Medlemspengar	kr.	11.330,00
Støtte	"	8.839,20
Folkedansgruppa	"	600,00
Renteinntekter	"	3.553,66

kr. 24.322,86

kr. 24.322,86

BALANSE PR. 31.12.2003

Aktiva:

Kassabeholdning	kr.	2.195,95
Postgiro 0530.1932474	"	3.962,40
Bank 1600.6021380	"	3.607,24
Bank 1645.0319485	"	53.453,00
Lagshytte	"	12.000,00
Fane	"	500,00
Jubileumsbøker	"	1,00
Hedersmerker	"	1,00

Passiva:


Eigenkapital 01.01.2003	kr.	75.677,80
Overskot	"	42,79


kr. 75.720,59

Eigenkapital 31.12.2003

kr. 75.720,59

Oslo, 2. februar 2004


 Svein Aasen
 (kasserar)


 Leif Kverndal
 (revisor)

TILLITSVALGTE I NUMEDALSLAGET I OSLO

2004

Styret:

Kasserar:	Svein Aasen, Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo) e-mail:svein.aasen@multiconsult.no	priv:	22 32 00 01
Sekretær:	Ragnhild Landerud, Kongeveien 45, 1412 Sofiemyr e-mail:landerud@c2i.net	priv:	66 80 64 32
Styremedl.:	Björg Undebakke, Starvn. 76 A, 1088 Oslo e-mail:bjorg.tora.undebakke@nrk.no	priv:	22 10 67 94
	Sigrid P Talleraas, Kittelsensv. 72, 1415 Oppegård e-mail:sigrid-p.talleraas@telenor.com	priv:	66 99 21 51
	Lars Peder Larsgård, Jenshaugvn.11,1363 Høvik e-mail:lars.peder.larsgaard@multiconsult.no	priv:	67 12 00 01
Varamedl.:	Jøran Stryse, Gaustadvn. 13 B, 0372 Oslo	priv:	22 14 73 08
Hjelpekass.:	Knut Kjønnaas, Eirik Raudesv. 22D, 0196 Oslo	priv:	22 19 99 15
Hyttestyre:	Alf Åmot, Krokliveien 52, 0584 Oslo	Priv:	22 64 17 87
	Levor Traaen, Tillesløkka 13, 1349 Rykkin	priv:	67 13 47 19
	Olav Mogan, Nordstrandvn. 26, 1163 Oslo	priv:	22 28 27 82
	Knut Kjønnaas, Eirik Raudesv. 22D, 0196 Oslo	priv:	22 19 99 15
Folkedans gruppa:	Leiar: Nils Øyvind Bergset, Ivan Bjørndalsgt. 4, 0472 Oslo	priv.	22 71 33 97
	Svein Aasen, Haugerudhagan 58, 0673, Oslo	priv:	22 32 00 01
	Birgit K. Friis, Vesteråsveien 7 B, 0382 Oslo		
	Kjersti Aasen, Haugerudhagan 8, 0673 Oslo	priv:	22 32 24 06
Redaksjon			
"Numedølen":	Sigrid P Talleraas, Kittelsensv. 72, 1415 Oppegård	priv:	66 99 21 51
	Kjersti Aasen, Haugerudhagan 8, 0673 Oslo	priv:	22 32 24 06
	Nils Øyvind Bergset, Ivan Bjørndalsgt. 4, 0472 Oslo	priv.	22 71 33 97
	Lars Peder Larsgård, Jenshaugvn.11,1363 Høvik	priv:	67 12 00 01
Revisor:	Leif Kverndal, Einars vei 26, 0575 Oslo	priv:	22 68 07 42
Hedersmerke/			
Fortjenestem:	Jøran Stryse og Levor Traaen		
Lotterifond:	Walborg Tuft, Lars P.Larsgård, Knut Kjønnaas		
Valkomite:	Tormod Haug (tlf. 908 54 279), Olav Mogan og Nils Ø Bergset		
Fanevakter:	Jøran Stryse og Svein Aasen		

Stemningsrapport frå Rollag – for snart 100 år sida

Slik skriv ein rolling om livet i Rollag i Buskeruds Blad 9. januar 1906:

Barfrost med lokkende fin Skøiteis, lettført og fremkommelig for baade Julebukke og skikkelige Folk. Livlig Harejagt i Granlierne. Temperaturen forskjellig; en enkelt Gang ned til + 20° C. Livlige smaa Stik-Indom-Julebesøg og til dels større fester. Humøret storartet, undtagen hos Tømmerkjørerne, som gaar og gaber og glaner efter Sne. Men i dag har vi den, yrende fin, deilig Sne med enkelte store Flukser iblandt. Bare det vilde drive paa! For tømmerkjørerne er en staut Menneskerace, og det er sørgelig at se dem gaa der og ærgre sig med krocket Ryg og Henderne i Lommen.

Ja, sanderlig har der været Trafikk paa Vjen nu i Julen med Skøiteløb. Og Jenterne staar ikke langt tilbage, hva de heller ikke bør gjøre. Thi hva er herligere end Is, Skøiter, frisk Luft, Humør, Helse. "her bør være stærke Mænd i slig en Luft", sagde en Englænder til mig engang; han burde taget Kvinderne med. Altsaa du i Luften, mine Damer og Herrer.

Og saa et ordentlig Bad i vor herlige Badstue. Det var forresten ikke saa verst det der med ca. 60 Badende Lille- og Store Julaften; men det burde været 2 x 60. Reumatisme, Nyresygdom. Blegsot, Tæring og alt det Fanteri – hva skal vi med det? Husk paa: Lys, Luft, Vand, og at Hudpleiener næsten lige saa nødvendig som Mad og frisk Luft. Tag med et ordentlig Bjerkeris næste Gang og lad eders syndige Krop vederfares Retfærdighed under Badet. Tre Ting altsaa næste Gang: Sæbe, Haandklæde, Ris. Her kan ingen Verdens Magt forbyde Riset – heldigvis. Kom saa, i Kjære Vegglinger, Noringer og Flesberginger og prøv vor deilige Badstue.

Julebukke og skikkelige Folk? Ja, vil du, Ærede Læser, regne Julebukke blandt skikkelige Folk, saa vær saa god. Men rarere Skabninger har ikke jeg set. Er det ikke Afkom fra de gamle Trolde? Jo, saa sikkert. Den Tillemping til Menneske, som findes hos dem, er ikke stor. Darwin vilde vel kalde dem en uddøende Art Mellemlid av Abekat og Menneske. Kom de ikke dragende med en stor Blodpølse her en Kveld og slengte den paa Bordet i en skikkelig Mands Hus! Og paa en anden Gaard "spikkelerte" de paa at reise med Bonden i Huset – tænk, reise med Manden i Huset, bort fra Kjærring og Unger! De er forresten meget ufarlige, og trækker sig alltid tilbage, naar man vil prøve at faa lidt nøiere Kjendskab til disse rare Skabningers Bygning, Levevis, Opholdssted m. m. Her er noget for vore Videnskabsmænd.

Harejagt? Jo, jeg sa Harejagt. Thi Føret har været slig i hele Høst og i Vinter, at Harejagten og til dels Fuglejagten har gaaet fortræffelig. Det er især de vældige Nimroder A. K. Frogner, Storemokarene, K. Landsverk, H. Gladheim o. fl, som har drevet sporten og frydet baade sig selv og andre ved sine Kjødgryder. En ting vil jeg dog som Brevskriver til Bladet faa Lov til at sætte Fingeren paa, og det er, at man maa prøve at faa Harehundene til at holde sig iro, saa de ikke jager paa egenhaand. En Mængde Hareynge ødelægges vistnok paa denne Maade.

(Meir var det ikkje plass til denne gongen. Heile artikkelen finn du på heimesida vår)

RAKAFISKFESTEN 2004

Rakafiskfesten blei i år arrangert 31. januar på Røa Samfunnshus. For ein gongs skuld var det ein journalist til stades, og ho skildra sine inntrykk slik i Lågendalsposten 1. februar. Du kan gå inn på heimesida til Lågendalsposten <http://www.laagendalsposten.no/> og søke etter "Årets høydepunkt" eller slå opp på heimesida vår: <http://www.numedalslaget.no/>

Rundt rekna 60 personar var på Rakafiskfesten i år og 30 kilo rakafisk og 2 kasser lefse frå Numedal blei fortært eller tatt med heim som niste. Dette var ikkje akkurat rekorddeltaking, men oppslutninga frå den eldre garde er imponerende.

Tradisjonar er noko som er knytt til Rakafiskfesten heilt frå starten tidleg på 1900-talet. Festen er alltid siste helga i januar. Rakafisken kom frå Bjørnesfjorden i Nore og Uvdal, lefseklingen som var frå Veggli i år, blei servert med og utan sukker. Dei siste årene har også musikken, Traaens kvartett og konferansier Jøran Stryse vore faste innslag. Jøran er glad for dette oppdraget år etter år.

– Då har eg ein jobb å gå til, det er ikkje alle som har det i dag, sa Jøran og meir skulle det ikkje til før latteren sto i taket.

Kulturvernkonsulent Jørn Jensen i Buskerud fylke viste eit vakkert og lærerikt lysbildekåseri om kulturlandskap og kulturminne frå Numedal. Elles var mange av dei andre talene av den meir grovkalibra sorten som ikkje kan nemnast meir om på trykk.



Styret var klar over at mange hadde vore på Rakafiskfest mange gonger før, men dei frammøtte blei denne gongen spurt om kor mange gonger dei hadde vore til stades. Det var eit klart mindretal som hadde mindre enn 10 festar bak seg og heile 25 festveteranar hadde meir enn 25 Rakafiskfestar på baken. (Journalisten var einaste debutant).

Men Gunnar Ulbaasen, Turid og Lars Brugaard meinte å ha vore til stades omlag 50 gonger. Jøran Stryse hadde vore med 48 gonger. Desse var i ein særklasse, og også ein frå orkesteret kom veldig høgt opp. Blomsterbuketten som var kjøpt inn til den mest festlege Rakafiskfestdeltakar gjekk etter loddrekning til Gunnar Ulbaasen. Gratulerer!



Gunnar Ulbaasen (t.v.), Turid og Arne Brugaard var på Rakafiskfest for 50. gong!

NUMEDALSLAGET I OSLO



BYGDEDANS FRÅ NUMEDAL

5/1 19/1 2/2 16/2 1/3 15/3 29/3 26/4 10/5 7/6 21/6

Desse mandagskveldane våren 2004 er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.00, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset

Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift: 150,- for medlemmer (11 gonger)
 250,- for ikkje-medlemmer (11 gonger)
 30,- per enkeltkveld

Kontakt gjerne Nils Øyvind Bergset på 22 71 33 97 (p) eller 416 39 567(m).

Årsmelding for Folkedansgruppa i Numedalslaget 2003

Folkedansgruppa har i 2003 vore leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Jorunn Lid vore med. Vi har ikkje hatt egne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtest på øvingane. Leiaren av Folkedansgruppa var tilstades på møter i Folkedansrådet den 24/2, 28/4, 16/9 og 17/11.

Vi har hatt 19 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 11 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi startar kl. 19.00 og driv på til 21.30, med berre ei halvtimes drikke- og skravlepause. Vi dansar mest springar, men av og til gangar, springar med 2 fylgje og runddans. I haust har vi hatt eit eige tema for kvar gong slik som skotsking, svikt og reinlendervariantar.

Kenneth Hoskuldson de Gala spelar no fast på øvingane og vi er sers nøgde med å ha ein spelemann med lokal tilknytning. På ei av øvingane i januar hadde vi sjøfløytespelarar til å halde oss med takt og dansemusikk. Folkedansgruppa vil på dette vise gjere ein innsats for å samle alle dei dyktige utøvarane på sjøfløyte som held til i Oslo. Dei som spela for oss var Birgit Kollandsrud Friis, Gunhild Haugjorden, Audun Kjus, Mona Hansen og Silje Hegg.

Totalt sett har det vore 180 frammøter på øvingane. 41 ulike personar har møtt fram, 15 gutar og 26 jenter. 6 av dei frammøtte var under 26 år. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 9,5 personar per øving, og dette er ein liten auke frå året før. Det minste antal frammøtte på ei øving var 6, og det meste var 15.

Numedalslaget heldt minikurs i springar før folkedanskvelden den 27. april og 28. september. Dette er eit tiltak frå Folkedansnemda i BLS for å profilere bygdedanslaga og hjelpe til med rekrutteringa. Antal deltakarar var 0 og 6. I tillegg kom medlemmer i laget inn gratis mot å hjelpe til på kurset. Etter desse minikursa er det vanleg folkedanskveld der vi dansar bygdedans i Halli. På desse kveldane har vi bruka Synne Frogner og Kenneth Hoskuldson de Gala som spelemenn og Nils Øyvind Bergset og Kjersti Aasen som instruktørar.

Fleire av dei som er med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Par frå Numedalslaget var med på Markenskapleiken på Kongsberg, Buskerudkappleik på Kongsberg, Jørn Hilme Stemnet på Fagernes og Oslokappleiken med gode resultat. Det viktigaste arrangement i 2003 var som vanleg Landskappleiken som blei arrangert på Gjøvik.

Lagdans har blitt eit populært innslag på kappleikane dei siste åra. Vi er i utgangspunktet for få par til å stille eige lag, noko som fører til at vi stiller saman med par frå Kongsberg og/eller Numedal. I lagdans på Buskerudkappleiken stilte vi saman med par frå Numedal Spel og Dansarlag og vart nummer 3. I lagdansen på

Landskappleiken stilte vi også saman med par frå Numedal Spel- og Dansarlag og vart nummer 20 av 29 lag. På Oslokappleik vann vi lagdansen og fekk dermed fyrste napp i ein vandrepremie. Her stilte vi saman med par frå Kongsberg.

Økonomien til Folkedansgruppa går både over eiga kasse og over kontoar til laget.

For å få ein samla oversikt over økonomien i Folkedansgruppa har vi sett opp denne tabellen. Folkedansgruppa gikk med overskot på kroner 1 541,70 i 2003.

	Inntekter	Utgifter
Kursavgifter	4 640,-	
Statsstønad	2 839,20	
Brus	1 090,-	628,-
Instruktør		0,-
Spelemenn		4 400,-
Lokalleige		6 080,-
Marknadsføring		819,50
Deltakaravgift lagdans		1 100,-
Støtte frå Frifondmidler	3 000,-	
Oslo Nye Sparebanks Fond	3 000,-	
Overskot		1 541,70
Sum	14 569,20	14 569,20

Oslo 10/2-2004

Nils Øyvind Bergset

KURSOVERSIKT I LAG OG RINGAR I BLS 1. HALVÅR 2004

Vekedag	Kurstype	Varer	Start	Klokkeslett	Stad	Pris	Påmelding	Tilskjper
Måndag	Korsong	jan-jun	06.01.	19.00-21.30	Sorsalen, Nordahl Bruns gt 22		22350791	Bydelagskoret
Måndag	Bydelens fra Numedal	annakvar	06.01.	19.00-21.30	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22		22713397	Numedalslaget
Måndag	Valdresspringer	annakvar	12.01.	19.00-22.00	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22		ved framme	Vakreslaget
Tirsdag	Folkedans for barn	jan-jun	13.01.	17.30-19.00	Nordahl Bruns gt 22		23214160	Barnelaget i BLS
Tirsdag	Gammeldans/folkedans nyb.	8 ganger		19.00-20.00	Sorsalen, Nordahl Bruns gt 22	250,-	22427590/67131016	Sogn og Fjordeneingen
Onsdag	Runddans, videreg.	9 ganger	07.01.	19.00-22.00	Halli, Nordahl Bruns gt 22		22229033	Rundsnuen
Onsdag	Hallingsspringer	annakvar	21.01.	19.00-22.00	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22		99721108	Hallinglaget
Onsdag	Folkedans, videreg.	6 ganger	17.03.	18.00-19.45	Sorsalen, Nordahl Bruns gt 22	450,-	97153857	Symra
Torsdag	Folkedans for barn	jan-jun	08.01.	17.30-19.00	Nordahl Bruns gt 22	300,-	22982110	Barnelaget i BLS
Torsdag	Telespringer-gangar m/frst.	jan-jun	15.01.	20.00-22.00	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22		90511236	Telegaget
Laur/sønd	Runddansvariasj. fra Trøndel.		13.-14.03.	11.00-16.00	Halli, Nordahl Bruns gt 22		22553369	Rundsnuen
Laurdag	Vestlandspringer		27.03.	10.00-18.00	Halli, Nordahl Bruns gt 22		97153857	Symra
Laur/sønd	Folkedans, nybyrjar		27.-28.03.	10-15/11-16	Rosenkrantz gt 8	300/600	23214160	BLS
Fre/sønd	Teledans, videreg.		23.-25.04.		Drosum, Vikersund	500,-	97667472	Telegaget
Søndag	Minikurs, Songdansen		07.03.	18.00-19.30	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22		ved framme	Oslo Songdansenlag
Søndag	Minikurs, Telespringer		14.03.	18.00-19.30	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22	80,-	ved framme	Telegaget
Søndag	Minikurs, Hallingspringer		21.03.	18.00-19.30	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22	80,-	ved framme	Hallinglaget
Søndag	Minikurs, Stidens		28.03.	18.00-19.30	Halli, Nordahl Bruns gt 22	80,-	ved framme	Symra
Søndag	Minikurs, Pois		02.05.	18.00-19.30	Blåsalen, Nordahl Bruns gt 22	80,-	ved framme	Oslo Songdansenlag

www.bls.no

bls@online.no

tf. 22982110

FOLKEDANSKVELD

Søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22

Dato	Storsalen kl 19.30-22.45	Blåsalen kl 19.30	Blåsalen kl 18-19.30
	Gammaldans/turdans/ songdans	Bygdedans	Minikurs
07.03.	Bærum Spelemannsl. Arr: Oslo Songdanslag		Songdans Arr: Oslo Songdanslag
14.03.	Østerdølenes Leikarringen i BUL	Telespringar Arr: Teielaget	Telespringar Arr: Teielaget
21.03.	Steinsgårdskroken Arr: Sogn og Fj.ringen	Hallingspringar Arr: Hallinglaget	Hallingspringar Arr: Hallinglaget
28.03.	Veggpryden Arr: Symra	Stildans Arr: Symra	Stildans (i Halli) Arr: Symra
18.04.	Rasador'n Arr: Rundsnuen	Springleik Arr: Rundsnuen	
25.04.	HUSK Arr: Hordaringen		
02.05.	Østerdølenes Arr: Oslo Songdanslag		Polskveld
09.05.	Bærum Spelemannsl. Sogn og Fj.ringen		
17.05.	17.mai folkedanskveld		
13.06.	Bygdelagsstemnet på Norsk Folkemuseum		

www.bls.no

Inngang: Mediemmer kr 50,-, ikkje medlemmer kr 80,-

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø!

Kom gjerne åleine!

VINTERENS BYGDEDANSFEST

Laurdag 20. mars kl. 19.00

Stad: Folkets Hus på Kjelsås

Adresse: Myrerveien 40, 0494 Oslo
(7 min. frå Kjelsås stasjon, ovanfor Kjelsås skole)

Det blir bygdedans frå fleire av dalføra våre:

- Ola Hilmén og Gunnar Amundsen, Valdres
- Bård Vegard Bjørhusdal, Numedal og Telemark
- Hilde Kirkebøen og Ulf-Arne Johannessen,
Hallingdal
- Det blir runddans til Sverre Gjevre m/orkester

Inngangspengar: 140 kroner

Kaffe/te, rundstykke/kake er med i prisen.

Sal av brus og øl.

Ta på fintøy og dansesko, og kom og dans!

Arrangør:

Valdreslaget, Numedalslaget og Hallinglaget i Oslo

Reise til Kjelsås stasjon: Buss nr. 37 (Oslo S), nr. 25 (Majorstua). Lokaltog frå Oslo S.

Siste buss frå Kjelsås st. kl. 00.23 (37-bussen), nattbuss: kl. 01.16 og 01.46.